



Uskedal skule - god skule med låge driftskostnader.

Som kjent har det vorte utarbeidd framlegg til ein skulebruksplan i Kvinnherad kommune 2016-2028. Denne inneholder 3 alternativ: 0-alternativet/Bygdealternativet, Økonomialternativet og Pedagogikkalternativet. Dette kan føra til store endringar for Uskedal skule, og FAU har derfor engasjert seg og sendt uttale til høyringsutkastet.

0-alternativet/Bygdealternativet vil ikkje føra til endringar i skulestrukturen, men det vil skje ved dei to andre alternativa. Fleire politikarar har uttalt seg positivt til det dei trur kan vera eit innsparingsalternativ, og som har fått det fine namnet Pedagogikkalternativet. Dette vil i tilfelle føra til store endringar for Uskedal skule. Skulen vil verta delt. Elevane i 1.-4.klasse vil framleis gå her på skulen, men no saman med elevane i 1.-4.klasse frå Omvikdalens skule. Elevane i 5.-7.klasse vil verta flytta til Omvikdalens skule der dei vil gå saman med elevar frå Omvikdalens og Åkra skular.

Leiar i FAU ved Uskedal skule, Anne Sofie Feet, seier at det absolutt er grunn til å engasjere seg i dette. Ho har kalla inn klassekontaktane til møte i FAU, men ho seier at det dessverre var mange som ikkje stilte. Derfor er også FAU-leiaren usikker på kor godt foreldregruppa er informert om stoda.

Ho seier vidare at det er sendt ein uttale frå FAU til kommunen om høyringsutkastet. Innleiingsvis i uttalen heiter det:

'Uskedalen skule er ein av dei største skulane i kommunen.

Dette fordi at Uskedalen er ei bygd som er i positiv vekst, der ein byggjer nye hus og at det er mange barnefamiliar som har flytta til bygda dei siste åra.

Vi har 2 barnehagar med tilsaman 4 avdelinger. Uskedalen barnehage med 37 barn og Dønhaug gardsbarnehage med 17 barn. Uskedalen skule har i dag 115 elevar.

For 2 år sidan rusta Kvinnherad kommune opp Uskedalen skule for fleire millionar kroner. Det blei mellom anna skifta vinduer, kledning, isolasjon, golvbelegg og ventilasjonssystemet vart fiksa. Det vart og sett opp nye hoveddører på skulen.

Skulen vår har i dag ein universell utforming. Det einaste som ikkje vart gjort da var å montera den automatiske døröpnaren, men det ligg til rette for dette.'

Det vert vidare peika på det fine utemrådet som er under utvikling, og som innbyr til fysisk aktivitet som er svært viktig. Det positive samarbeidet med barnehagen vert også understreka, og det vert påpeika at Uskedal skule har lågare driftskostnader enn dei andre skulane i kommunen. Av negative ting som vert påpeika ved ei endring er lang skyss og reisetid m.a. frå Friheim.

Uttalen vert avslutta med å visa til gode resultat i nabofylket vårt Sogn og Fjordane:
'Forsking fra Sogn og Fjordane viser at elevar fra småskule/bygdeskule gjer det mykje betre på prøvar og eksamenar på ungdomsskulen. Og det er mykje mindre 'drop out' på videregåande skule med elevar fra bygdene, enn for dei som har gått på storskule.'

FAU-leiar Anne Sofie Feet seier at ho håpar på godt engasjement frå foreldregruppa for å støtta opp om den gode skulen vi har i bygda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.